

VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAMDato: 06.04.2017  
Vår ref.: 2017/1282-12  
Saksbehandlar: hanglop1  
Dykkar ref.:

## TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND

### Tilsegn om tilskot på inntil kr 1 419 000 til prosjekt Breiband i Stamnesområdet samt Toskedalen (Tilsegn-041-2017)

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 18.01.2017, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 1 419 000 til prosjektet. Løyvinga er heimla i fylkesutvalet 30.03.2017, der det i sak PS 84/2017 vart vedtatt slik fordeling av tilskot til utbygging av infrastruktur for breiband:

- Masfjorden, Reknes – 315 000 kr
- Masfjorden, Giljane – 266 000 kr
- Samnanger, Rolvsvåg Saga – 1 000 000 kr
- Vaksdal – 1 419 000 kr

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Tilsegna gjeld til 31.12.2018. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

#### 1. Prosjektgrunnlag

##### Bakgrunn

I desember 2013 inngjekk Vaksdal kommune ein samarbeidsavtale med Telenor om utbetring av mobildekning i området Grøsvik – Toskedal samt Eksingedalen ved bygging av til saman 7 antennestasjonar med 4G teknologi. I avtalen står Telenor som utbyggar med ansvar for framtidig vedlikehald. Feltest konkluderer med at planlagt løsnig med repeater i Toskedalen ikkje er gjennomførbar. Det er vurdert to alternativ:

- a) framføring av fiber til Toskedal
- b) mast på Vardefjell.

Mast på Vardefjell er mest kostnadseffektiv og gjer i tillegg dekning til fleire husstandar i Stamnesområdet med dårleg eller inga dekning. Framføring av fiber vil vere svært kostnadskevande, og kan ikkje forsvarst ut i frå tal fast busette i Toskedalen. Det er i tillegg få fritidsbustader i området. Ein mast på Vardafjellet er også dyr, då spesielt kraftframføring. Men føremonen med denne er at den vil gje dekning til bustader i Stamnes området som i dag har dårleg eller ingen dekning. Dette gjeld mellom anna Kalland, Hesjedalen, Stamnesfet, Øyane, Vik og Straume.

##### Aktivitet/Tidsplan

01.04.2017 - 01.09.2017 Prosjektering, grunnavtale og byggesøknad

01.09.2017 - 31.12.2017 Anbud på straumframføring

01.01.2018 - 31.08.2018 Bygging og idriftsetting

**Organisering**

Prosjekteigar: Vaksdal kommune  
 Organisasjonsnr.: 961 821 967

Prosjektleder: Willy-André Gjesdal  
 Epost: willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no

Prosjektorganisering:  
 Prosjektleder; Willy-André Gjesdal

Samarbeidspartnarar:  
 Telenor Mobil AS  
 BKK nett

**2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**

Løyvd beløp: 1 419 000                      Søknadsbeløp: 3 301 625

**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Kraftframføring		1 900 000				1 900 000
Mast og hytte		1 305 000				1 305 000
Prosjektering, grunnavtale og byggesøknad	96 625					96 625
<b>Sum kostnad</b>	<b>96 625</b>	<b>3 205 000</b>				<b>3 301 625</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Anna finansiering	914 333					914 333
Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland	1 419 000					1 419 000
Vaksdal kommune	968 292					968 292
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 301 625</b>					<b>3 301 625</b>

**3. Vilkår for tilskotet**

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 43,0 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.  
 Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; [www.hordaland.no/profil](http://www.hordaland.no/profil)

## Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- *Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **43,0 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 1 419 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.*

## Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren rapportere og sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport. Dette må skje seinast innan 31.12.2018.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- I tillegg skal signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

## Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;  
 Hans Inge Gloppen Epost: [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no) Telefon: 97414040

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal  
 fylkesdirektør Regional utvikling

Jostein Farestveit  
 Fung. nærings sjef

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

## Standardvilkår for TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND for Hordaland

**Prosjektnamn:** Breiband i Stamnesområdet samt Toskedalen  
**Tilsegnsnr.:** Tilsegn-041-2017                      **Løyvd beløp:** 1 419 000  
**Vår ref. (arkiv):** 2017/1282

---

### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** Vaksdal kommune

**Postadresse:** Konsul Jepsengate 16,  
5722 DALEKVAM

**Org.nr.:** 961 821 967

**Kontaktperson:** Willy-André Gjesdal

**Telefon:** 48880354                      **Mobil:** -

**E-post:** willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no

### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen  
E-post: hans.inge.gloppen@hfk.no  
Telefon: 97414040

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: ..... Dato: .....

**Signatur prosjekteigar:** .....

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

